

# Rammeverk for lokalt gitt skriftleg eksamen

Revidert: 13.11.2018

# Innhaldsliste

Rammeverk for lokalt gitt skriftleg eksamen .....	3
Oppgåvenemnder .....	3
Kvalitetssikrar, omsetjar og språkvaskar .....	3
Sensorar .....	3
Kvalitetssikring av eksamen og sensur .....	4
Overordna kvalitetskrav til eksamen og sensur .....	4
Kompetanseomgrepet .....	4
Retningsliner for å sikre kvalitet på eksamen .....	5
Tryggleik og teieplikt .....	5
Kvalitetssikring av sensuren .....	6
Eksamensrettleiing .....	6
To sensorar .....	6
Klage .....	6

# Rammeverk for lokalt gitt skriftleg eksamen

Formålet med eksamen er todelt. Kandidaten skal få høve til å vise kompetansen sin i samsvar med læreplanen. Eksamenskarakteren skal gi informasjon om den individuelle kompetansen til kandidaten i faget, slik den kjem til uttrykk på eksamensdagen. Fylkeskommunen har ansvar for å kvalitetssikre og lære opp fagpersonane som vert oppnemnde i oppgåvenemnd, som kvalitetssikrar, språkvaskar, omsetjar og sensor.

## Oppgåvenemnder

Oppgåvenemndene utarbeider eksamensoppgåver på oppdrag frå oppgåveansvarleg fylkeskommune. Nemndene har ansvar for at oppgåvene er i tråd med læreplanverket for Kunnskapsløftet og relevante føringar i forskrift til Opplæringslova. Oppgåvenemndene er normalt samansett av to personar, unntaksvise fleire enn to. Det er oppgåveansvarleg fylkeskommune som bestemmer kven som skal sitje i oppgåvenemndene. Det er eit viktig prinsipp at personane i oppgåvenemndene har undervisningserfaring frå faget eller har solid fagkompetanse i faget. I tillegg bør medlemmene i oppgåvenemndene representere ulike delar av landet, og der det er mogleg også komplettere kvarandre med omsyn til bakgrunn og kompetanse. Kvart oppgåvesett skal ha ein fagansvarleg i oppgåveansvarleg fylkeskommune.

Oppgåvenemndene kvalitetssikrar eksamensrettleiinga kvart år. Oppgåvene skal produserast i PGSD.

## Kvalitetssikrar, omsetjar og språkvaskar

Kvalitetssikrar, oppnemnd av oppgåveansvarleg fylkeskommune, gir tilbakemelding til oppgåvenemnda på oppgåveutkastet. Kvalitetssikrar skal sørge for at oppgåvesetet er utarbeidd i tråd med kompetansemål, retningsliner og kvalitetskrav for oppgåveproduksjon. Kvart oppgåvesett skal språkvaskast og omsetjast til bokmål/nynorsk.

## Sensorar

Sensorane har ansvar for å sensurere eksamensvar i tråd med kompetansemåla i læreplanen og i samsvar med eksamensrettleiinga. Sensorane inngår ei forpliktande oppdragsavtale med sensuransvarleg fylkeskommune. Sensorar er forplikta til å følgje, og halde seg orientert om, dei retningsliner som til ei kvar tid vert gitt av

Utdanningsdirektoratet og oppgåveansvarleg fylkeskommune. Der det er mogleg skal det vere rullering av sensorar i alle fag over tid. Dette for å sikre kvalitet og at fleire får ta del i sensurarbeid.

## Kvalitetssikring av eksamen og sensur

Dei overordna krava til kvalitetssikring av eksamen og sensur finn vi i forskrift til opplæringslova og i læreplanverket. Fylkeskommunane skal ha retningslinjer for kvalitetssikrande tiltak som sikrar at eksamen er valid og at sensuren er påliteleg.

## Overordna kvalitetskrav til eksamen og sensur

Eksamens og førebuingsdel skal utarbeidast i tråd med forskrift til opplæringslova og læreplanverket. Eksamen skal spegle læreplanen slik at det som blir vurdert er i samsvar med kompetansemåla i læreplanen. Forskrift til opplæringslova § 3-25 gir blant anna følgjande overordna rammer:

- eksamen skal vere i samsvar med læreplanverket
- eksamen skal organiserast slik at kandidaten kan få vist kompetansen sin i faget
- eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til kandidaten slik denne kjem fram på eksamen

## Kompetanseomgrepet

Felles forståing av kompetanseomgrepet er ein føresetnad for å lage gode eksamensoppgåver og for å sikre rettferdig sensur. Kompetanse i LK06 er forstått som *evna til å løyse oppgåver og meistre komplekse utfordringar. Kandidatane viser kompetanse i konkrete situasjonar ved å bruke kunnskapar og ferdigheiter til å løyse oppgåver.*

Å *løyse oppgåver og å meistre komplekse utfordringar* inneber ulike ting i dei forskjellige faga. Kva dette inneber for kvart enkelt fag er kjernen i fagnemndene sitt arbeid med eksamen. Ut frå dette vel dei tema, hovudområde, kompetansemål og oppgåvetypar som er relevante å prøve til eksamen. I nokre læreplanar vil det vere mogleg å dekke nærmest alle kompetansemål, medan det i andre læreplanar vil vere kompetansemål som ikkje kan prøvast til skriftleg eksamen.

Gjennom opplæringa konkretiserer skulane kompetansemåla i læreplanen. Eksamensoppgåvene må difor famne breitt og gjere det mogleg for alle å vise kompetansen sin i faget, uavhengig av korleis opplæringa har vore organisert. Vidare

må kompetansemåla lesast i lys av formålet med faget, beskrivingar av hovudområda og dei grunnleggjande ferdighetene (Retningslinjer for utforming av læreplanar for fag, Kunnskapsdepartementet 2011).

## **Retningslinjer for å sikre kvalitet på eksamen**

Eksamensoppgåvene skal:

- dekke sentrale delar av læreplanen og spegle læreplanen og formålet med faget
- gjere det mogleg for kandidatar på alle nivå å vise kompetansen sin
- ha tydelege, kläre og opne oppgåver. Føremålet er at sensor og kandidat i størst mogleg grad kan få felles forståing av kva for kompetanse som vert prøvd og kva som kjenneteiknar eit relevant og presist svar på oppgåva
- formulerast slik at kandidatane kan bruke tillatne hjelpemiddel på ein fornuftig måte
- der faget har førebuingsdel, ha eit innhald i førebuingsdelen som er relevant for eksamen, utan å avsløre innhaldet i sjølve eksamensoppgåva.  
Førebuingsdelen skal gi kandidaten tilgang til tekstar og andre ressursar som gir ein indikasjon på tema eller innhald i eksamensoppgåvene, og som kan eller skal nyttast på sjølve eksamensdagen. Førebinga skal bidra til at kandidatane får ein felles inngang til eksamen uavhengig av opplæringa dei har fått
- kun ha illustrasjonar og vedlegg som er relevante for eksamensoppgåva
- kunne svarast på ved bruk av datamaskin i alle fag der det er tillate
- ikkje stille spesielle krav til hjelpemiddel dersom dette ikkje er i tråd med kompetansemåla eller retningslinene for faget
- ha tematikk, tekst og bilde som ikkje kan opplevast støytande for kandidatane. Samtidig må temaa vere aktuelle
- ha oppgåver som kan svarast på innanfor tidsramma for eksamen

## **Tryggleik og teieplikt**

Eksamensoppgåver og andre opplysingar om eksamen er sensitive dokument. Dei skal handsamast strengt fortruleg heilt til eksamen er gjennomført. Alt arbeid knytt til oppgåveproduksjonen skal gjerast i PGSD. Eksamens, eventuelt tilhøyrande førebuingsmateriell, og kommentarar som er knytt til dette, skal ikkje sendast per e-post eller distribuerast på anna vis. Materialet skal heller ikkje skrivast ut eller kopierast slik at andre kan få tilgang til dette.

## **Kvalitetssikring av sensuren**

Sensorar for fellesfaga i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma er i hovudsak faglærarar med undervisningskompetanse i det aktuelle faget. Sensorane skal ha god kunnskap om og forståing for læreplanen i faget. Vurderinga av kvart enkelt eksamensvar skal kvalitetssikrast av to sensorar.

## **Eksamensrettleiing**

Eksamensrettleiinga ligg på [www.vigoiks.no](http://www.vigoiks.no) og skal vere kjend for sensorar og kandidatar. Den praktiske informasjonen om eksamen finns i kvart enkelt eksamenssett og i eksamensrettleiinga for faget. Eksamensrettleiinga inneheld oversikt over kjenneteikn på kompetanse i faget.

## **To sensorar**

Sensuren skal gjennomførast i PAS. Alle eksamensvara vert vurderte av to sensorar, begge skal ta utgangspunkt i læreplanen, sensorrettleiinga og eksamensrettleiinga i faget. Før sensuren tek til skal sensorane setje seg godt inn i eksamensoppgåva og tilhøyrande dokument.

Før endeleg karakter vert sett skal begge sensorane, uavhengig av kvarandre og for kvart enkelt eksamensvar, registrere karakterforslag i PAS. Sensorane skal ikkje drøfte karakterforsлага med kvarandre før begge har registrert forslaget sitt og har stadfestat dette. Dette legg grunnlaget for å diskutere seg fram til ein endeleg karakter. Der sensorane ikkje vert einige om karakteren, er det sensor 2 som har det avgjerande ordet. Dersom det oppstår utfordringar knytt til sensureringa, skal dette drøftast med sensuransvarleg fylke.

## **Klage**

Klagesensuren skal gjennomførast i PAS.



Når eksamenskarakterane er publiserte, er det mogleg for kandidatane å klage. Kvart eksamensvar blir lese av to klagesensorar oppnemnde av klageansvarleg fylkeskommune. Desse skal vurdere om karakteren er rimeleg eller urimeleg med utgangspunkt i læreplanen og kjenneteikn på kompetanse. Dersom dei kjem fram til at karakteren er urimeleg, vil dei setje ein ny karakter på eksamenssvaret.

Klagesensorane skriv ei grunngjeving for endeleg karakter uavhengig av om den vert endra eller ikkje. Grunngjevinga skal vere utfyllande og gi kandidaten grunnlag for å forstå kva vedkomande bør gjere for å auke kompetansen i faget dersom klagaren

ikkje har fått medhald. Dersom klagaren får medhald, må det stillast same kvalitetskrav til grunngjevinga. Sensorane vert automatisk informert om resultatet av klagesensuren via PAS.

Kvalitetsgruppa Vigo IKS

Oktober 2018



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)